# 29 bokstavar

T/M Vegard Markhus og Bjørnar Sangolt 2022



# 29 bokstavar

*Av Vegard Markhus og Bjørnar Sangolt*

Viss ein S møter O og L
Ja då blir det S-O-L
Så har vi ei deilig *sol*
Men viss ein S
Møter N og Ø
Blir det heller S-N-Ø
Det blir kaldt og vi får *snø*

**Med 29 bokstavar som kan bli, ord til vårt kor**
**Ja 29 bokstavar som kan bli, alt som finst på heile vår jord!**

Der står ein I så kjem ein S forbi
Og då blir det I-S
Endeleg skal vi få *is*
Men huff og huff
Der kjem det ein F
Og så blir det F-I-S
Plutseleg blei is til *fis*

**Med 29 bokstavar som kan bli, ord til vårt kor**
**Ja 29 bokstavar som kan bli, alt som finst på heile vår jord!**

Viss ein B møter på ein Æ
Ja då blir det B-Æ
Sauen seier berre *bæ*
Han vil ha mat
Og så kjem ein R
Og då blir det B-Æ-R
Sauen skal få masse *bær*

**Med 29 bokstavar som kan bli, ord til vårt kor**
**Ja 29 bokstavar som kan bli, alt som finst på heile vår jord!**

Viss ein K møter O og R
Ja då blir det K-O-R
Bli med i vårt fine *kor*

**Med 29 bokstavar som kan bli, ord til vårt kor**
**Ja 29 bokstavar som kan bli, alt som finst på heile vår jord!**